

Takstmann Og Byggmeister Karsten Oma AS  
Grimstadvegen 345  
5252 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/622 - 15/19069

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
11.05.2015

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 196/79

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.02.2015.

### Mottakskontroll

Kommunen har under handsaming av søknaden kontrollert delar av søknaden, og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknaden er sendt inn som søknad om rammeløyve og det er vedlagt søknad om dispensasjon frå plankravet. I punkt 1.1 til føresegnene til kommuneplanen er det sett eit generelt plankrav. Det er gjort unntak for mindre tiltak i føresegnene til byggeområde for bustader. Vi forstår søknaden slik at det søkes om dispensasjon frå det generelle plankravet.

Dei andre føresegnene til bustadområde vil likevel gjelde for tiltaket om det skulle gis dispensasjon frå plankravet. Dette gjelder til dømes krav med omsyn til utnytting i % BYA og maks. BRA, samt krav til høyer i planen.

Det er ikkje opplyst i søknaden om kva samla bruksareal vil vere for eigdommen inkludert biloppstillingsplassar. Dersom det totale bruksarealet vert over 400 kvm vil det måtte nabovarsles på nytt og søkes om dispensasjon frå føresegnene på dette punktet. Ut frå dei opplysningane som er skildra i «Boligspesifikasjon i matrikkelen» forstår vi at bruksarealet vert over 400 kvm samla sett.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.06.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Vi gjer merksam at kommunen på generelt grunnlag ikkje er positive til søknader der samla bruksareal vert over 400 kvm på ein bustadeigedom utan plan. Dette til orientering.



Byggesak har vore i kontakt med lokal vegmynde. Dei har endra på sine vilkår slik at byggesak vil ved søknad om igangsettingsløyve kunne gi løyve til grunnarbeid. Det vil ikkje kunne godkjennast andre arbeider fram til avkøyrsla er bygd og godkjent av lokal vegmynde.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Helge Ånensen

Apalen 20

5115

ULSET

**Mottakarar:**

Takstmann Og Byggmeister Karsten Grimstadvegen 5252  
Oma AS 345

SØREIDGREND